

Eksempeloppgåver i munnleg kommunikasjon A1-A2-prøve

OPPGÅVE A Individuell (A1) fortelje

I oppgåve A skal de snakke éin og éin. De får same oppgåve.

Oppgåve: Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

OPPGÅVE B Individuell (A1-A2) beskrive bilete

Informasjon til kandidatane: I oppgåve B skal de snakke éin og éin.

Til den første kandidaten: Du kan begynne.

(Eksaminator gir ulike biletark til kandidatane).

Oppgåve: Kva ser du på biletet?

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

OPPGÅVE C Samtale (A1-A2) utveksle informasjon

I oppgåve C skal de snakke saman.

Oppgåve: Kan de snakke saman om kva de et til middag?

Eksaminator stoppar kandidatane etter 3-5 minutt.

OPPGÅVE D Individuell (A2) fortelje/beskrive

I oppgåve D skal de snakke éin og éin.

Oppgåve: Kan du fortelje om ein stad du har lyst å reise til?

Oppgåve: Kan du fortelje kva du vil gjere når du er ferdig med norskprøven?

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

Eksempeloppgåver i munnleg kommunikasjon A2-B1-prøve

Kandidatane blir bedne om å presentere seg kort. Dette er ei oppvarmingsøving som ikkje skal vere del av vurderingsgrunnlaget.

OPPGÅVE A Individuell (A2) fortelje/beskrive

I oppgåve A skal de snakke éin og éin om eitt tema kvar.

Oppgåve: Kan du fortelje om ein stad du har lyst å reise til?

Oppgåve: Kan du fortelje kva du vil gjere når du er ferdig med norskprøven?

(Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 min.)

OPPGÅVE B Samtale (A2-B1) utveksle synspunkt/meningar

I oppgåve B skal de snakke saman om eit oppgitt emne.

Begge må vere aktive i samtalen.

Oppgåve: Snakk saman om de synest det er best å bu i byen eller på landet.

(Eksaminator stoppar kandidatane etter 5-7 min.)

OPPGÅVE C Individuell (B1) uttrykkje synspunkt/meningar

I oppgåve C skal de snakke éin og éin om eitt tema kvar.

Oppgåve: Kan du fortelje om eit yrke du ønskjer deg? Fortel kvifor.

Oppgåve: Kan du fortelje om kva du synest er typisk norsk? Fortel kvifor.

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt.)



Eksempeloppgåver i munnleg kommunikasjon B1-B2-prøve

Kandidatane blir bedne om å presentere seg kort. Dette er ei oppvarmingsøving som ikkje skal vere del av vurderingsgrunnlaget.

OPPGÅVE A INDIVIDUELL (B1) UTTRYKKJE SYNSPUNKT/MEININGAR

I oppgåve A skal de snakke éin og éin om eitt tema kvar.

Oppgåve: Kan du fortelje om eit yrke du ønskjer deg? Fortel kvifor.

Oppgåve: Kan du fortelje kva du synest er typisk norsk? Fortel kvifor.

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt.)

OPPGÅVE B SAMTALE (B1-B2) UTVEKSLE SYNSPUNKT/MEININGAR

I oppgåve B skal de snakke saman om eit oppgitt emne. Begge må vere aktive i samtalen.

Oppgåve: Kan de snakke saman om kva som er viktig for å trivast i ein jobb?
Forklar kvifor det er viktig.

(Eksaminator stoppar kandidatane etter 5-7 minutt.)

OPPGÅVE C INDIVIDUELL (B2) ARGUMENTERE

I den siste oppgåva skal de snakke aleine i 2-3 minutt. De får høyre ein påstand, og så skal de seie kva de synest om denne og grunngi meiningane dykkar. Etterpå får de nokre spørsmål til temaet.

Oppgåve: **Påstand A) «Det er best for gamle menneske å bu på eldreheim.»**
Du kan få litt tid til å tenkje deg om og notere om du vil.

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt og går over til å stille oppfølgingsspørsmål.)

Oppfølgingsspørsmål

- 1) Kor viktig er pengar for å ha ein god alderdom?
- 2) Levealderen har auka veldig dei siste 100 åra. Kva fordelar og ulemper ser du ved det?

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt med oppfølgingsspørsmål.)

Oppgåve: **Påstand B) «Alkohol er for dyrt i Noreg.»**
Du kan få litt tid til å tenkje deg om og notere om du vil.

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt og går over til å stille oppfølgingsspørsmål.)

Oppfølgingsspørsmål

- 1) Er alkohol viktig for å få eit godt sosialt liv?
- 2) Bør foreldre unngå å drikke alkohol framfor borna?

(Eksaminator avsluttar kvar kandidat etter 2-3 minutt med oppfølgingsspørsmål.)